

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 18. mars 2014.

Tilstades: Regionordførar Jon Svartdal, Hilde Alice Vågslid, Torstein Tveito, Øyvind Tveit, Arne Vinje, Erik Skjervagen, Per Dehli, Brit Houge, Øystein Tveit, Sverre Sæter, Hans Kristian Lehmann, Ketil Kiland og Kjell Gunnar Heggenes.

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 24/2014 Referat frå rådsmøte 6. februar 2014.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 6. februar 2014 vart samrøystes godkjent.

Sak 25/2014 Organisering av lokal kollektivtrafikk i Telemark. Orienteringar frå Drangedal Bilruter, Tinn Billag og Telemark Bilruter.

Bernt Dahle Drangedal Bilruter, Anfinn Maurud Tinn Billag og Svein Olav Straand Telemark Bilruter var tilstades og orienterte nærare om selskapa og dei ulike aktivitetane.

Selskapa er 3 av 4 gjenverande av i alt 17 buss-selskap Telemark hadde før oppkjøpsprosessane starta på 90-talet. Alle 3 selskapa er lokalt eigde, har lokal styring og bidreg i distrikta med ei samla sysselsetting på meir enn 500 personar.

Den vidare organiseringa av kollektivtrafikken, herunder kontraktsform er ei viktig sak som skal opp til endeleg handsaming i Telemark fylkesting i juni. Alle 3 kollektivselskapa er klare på at nettokontrakter er den kontraktstypen som på best måte vidarefører det lokale initiativet og marknadsansvaret.

Dette i motsetning til bruttokontrakter som medfører at den lokale kompetansen blir borte og reduserer selskapa til reine driftseiningar. Val av kontraktsform er også svært viktig for selskapas øvrige kommersielle drift/eksistens.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

Sak 26/2014 Styrerepresentasjon i ulike selskap med kommunalt eigarskap.

I saken låg det føre notat utarbeidd av Hans Kristian Lehmann. I notatet, som er ei vidareføring av tidlegare utarbeidd notat frå rådmannsutvalet, vert det mellom anna vist til 3 interkommunale IKS og 3 interkommunale AS med forslag til prosedyrer for val av styre.

Notatet konkluderer i 4 punkt og rår til at dei foreslåtte prosedyrene vert gjort gjeldande frå 2014.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til framlegget til prosedyrer for styrerepresentasjon i selskap med kommunalt eigarskap slik det går fram av notat av 4. mars 2014. Samrøystes vedtak.

Sak 27/2014 Revidert fylkesvegplan (ATP). Mogleg felles/samordna høyringsuttale frå Vest-Telemark. Forslag til prosess.

Saken var oppe i forrige rådsmøte der den vart utsett med tanke på nærare drøfting. Til møtet 18. mars låg det føre eit justert innspel frå Børge Skårdal med nærare forslag til prosess og hovudgrep i ei felles uttale.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til prosess og hovudgrep i ei felles/samordna uttale frå Vest-Telemark.

Forslaget til uttale blir lagt fram for Vest-Telemarkrådet for endeleg godkjenning og oversending til Telemark fylkeskommune. Samrøystes vedtak.

Sak 28/2014 Forslag til årsmelding og årsrekneskap 2013 for Vest-Telemarkrådet.

Det låg føre forslag til årsmelding og årsrekneskap 2013 for Vest-Telemarkrådet.

Det låg også føre varsel om presisering i revisors beretning for 2013, samt ny note 7 til rekneskapen med korrigering av tidlegare års feil.

Øystein Tveit frå Kviteseid kommune var tilstades og orienterte nærare om forslaget til årsrekneskap 2013.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet viser til note 7 i rekneskapen gjeldande tidlegare års feil, og vedtek at rekneskapsmessig mindreforbruk i fjorårets resultat på kr. 570 745,21 vert sett av til generelt disposisjonsfond.

Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2013 til framlegging for endeleg godkjenning i Vest-Telemarktinget. Samrøystes vedtak.

Sak 29/2014 Kommunereform i Vest-Telemark

Med utgangspunkt i at Regjeringa har varsla ei komande kommunereform, har fleire av kommunane i regionen drøfta dette. Kviteseid kommune har gjort formelt vedtak der dei ber Vest-Telemarkrådet finansiere og gjennomføre ei utgreiing om dei 6 Vest-Telemarkkommunane som ein framtidig kommune. I tillegg har Seljord og Fyresdal signalisert at ein vil sjå nærare på framtidig kommunestruktur.

Innleiingsvis i rådsmøtet orienterte Arne Vinje frå arbeidet i referansegruppa for det sentralt nedsette ekspertutvalet, og kunne opplyse at referansegruppa vil legge fram delrapport i løpet av kort tid. Han orienterte også om at Vinje kommune har sett i gang eit utgreiingsarbeid for å belyse ulike samanslåings-alternativ. Denne utgreiinga skal vera klar i løpet av april månad.

I den framlagte saken låg det føre forslag til mandat for eit forstudie etter PLP-metoden og i regi av Vest-Telemarkrådet. Forslaget inneber at ein på eit overordna nivå skal avklare føremoner og ulemper ved ei mogleg samanslåing, og at dette kan danne grunnlag for eit eventuelt vedtak om å gå vidare til eit forprosjekt.

Med utgangspunkt dei framkomne opplysningane og drøftingane på møtet vart det gjort slikt vedtak: *Vest-Telemarkrådet utset saken til rådsmøte 27. mai 2014. Vedteke mot 1 røyst.*

Sak 30/2014 "Betre læring for alle elevar", orientering v/prosjektleder Sissel Bronken.

Prosjektleder Sissel Bronken og kommunalsjef Ellen Marie Prag frå Kviteseid kommune var tilstades i denne saken.

Vest-Telemarkrådet har i 2013 prioritert 1 mill. kroner i form av skjønnsmidlar til prosjektet "Betre læring for alle elevar, der målsettinga er auka kvalitet på den ordinære, tilpassa opplæringa, redusert antal tilmeldingar til PP-tenesten og nærare drøfting omkring auken i spesialpedagogiske tiltak i kommunane.

Sissel Bronken orienterte nærare om saken, og viste mellom anna til at prosjektet og det førebuande arbeidet alt har ført til lågare tilmeldingar til PP-tenesten. Det er sett opp mål for kvar enkelt kommune i det vidare arbeidet. Med utgangspunkt i at den kommunale finansieringa er større enn summen av løyvde skjønnsmidlar, vil ein søkje skjønnsmidlar også for komande år. Ei slik utviding av prosjektperioden vil truleg føre til større grad av resultatoppnåing.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek saka til vitande.

Sak 31/2014 Mogleg samarbeid om felles landbrukskontor. Førespurnad frå Tokke kommune. Drøftingssak.

I e-post datert 10. mars viser Hilde Alice Vågslid til vedtak i Tokke kommune om å søkje samarbeid med ein eller fleire kommunar i regionen når det gjeld felles landbrukskontor. Med utgangspunkt i dette vedtaket kom saken opp til nærare drøfting i Vest-Telemarkrådet.

Vedtak: Rådmannsutvalet får i oppdrag å greie ut felles landbrukskontor og mogleg andre aktuelle samarbeidsområde. Samrøystes vedtak.

Sak 32/2014 Orienteringssaker.

Strategisk Næringsplan/vidare felles strategi.

I eit møte mellom dei næringsansvarlege 4. februar i år vart det sett fram ynskje om at Vest-Telemarkrådet kjem med signal i høve Strategisk Næringsplan og moglege vidare felles tiltak. Det er neppe aktuelt med ein omfattande og detaljert plan, men at ein finn gode overordna saker for vidare arbeid.

Etter kort drøfting vart det gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet ser dette som eit viktig område for vidare utvikling og samarbeid. Rådet ber rådmennene og dei næringsansvarlege drøfte saken og kome attende med forslag til tiltak. Samrøystes vedtak.

Sluttrapport Suleskarekspresen.

Det låg føre avgjerd i styringsgruppa for prosjektet om ikkje å vidareføre Suleskarekspresen i 2014. Avgjerda er teke ut frå manglande økonomisk grunnlag.

Vedtak: Saken takast til vitande.

Moglege endringar av møtedatoar.

Med utgangspunkt i samanfall mellom rådsmøtet 20. mai og kommunekonferanse i regi av Fylkesmannen vart det gjort slikt vedtak:

Rådsmøtet 20. mai flyttast til 27. mai.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes